



Arkivnr: 2015/11179-36

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Bestilling av forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 70/16 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 i møte 4.10.2016:

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 vert vedteken med desse prosjekta i prioritert rekkefølge:*
 1. **Investeringsplanlegging**
 2. **Arkivering og journalføring**
 3. *Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel*
 4. *Vedtaksoppfølging*
 5. *Internkontroll*
 6. **Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall**
 7. *Psykososialt læringsmiljø*
 8. *Beredskap på vegnettet*
 9. *Vurdering av læringsutbytte*
 10. *Særskilt om språkopplæring*
 11. *Kulturminneforvaltning*
 12. *System og rutinar for bierverv*
 13. *Tilskotsforvaltning*
2. *Planen erstattar revidert plan forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.*
4. *Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen*
5. *Planen skal reviderast og evaluera minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisionar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Drøfting:

Fleire av dei bestilte forvaltningsrevisionane er no avslutta eller i ferd med å verta avslutta innan kort tid. På bakgrunn av dette er det tid for at kontrollutvalet bør vurdera kva nye prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har for tida desse prosjekta i bestilling:

- Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt, rapport i dette møtet
- Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular, Del II som skal leverast innan 05.01.2018.
- Forvaltningsrevisjon arkivering og journalføring, rapport skal leverast 28.02.2018
- Forvaltningsrevisjon Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall, rapport ferdig innan utgangen av mai 2018

I møte i kontrollutvalet 29.11.2018 vart m.a. dette protokollert i sak PS 136/17 Eventuelt:

«Handsaming i møtet:

Terje Kollbotn (R) tok opp spørsmålet om Hordaland fylkeskommune sine rutinar for beredskap på vegsektoren, i samband med ras og liknande, er tilstrekkelige. Han kom med slikt forslag til vedtak:

«Kontrollutvalet vil sjå nærrare på kva ansvar fylkeskommunen har når det gjeld beredskapen i Hordaland ved ras, flom og andre hendingar som medfører stengde vegar, og korleis både kollektivtrafikken og annan trafikk raskt kan omorganiserast ved uønskte hendingar.»

Kontrollutvalet gjekk inn for dette og ber om at sekretariatet førebur ei sak til neste møte i høve ein forvaltningsrevisjon på dette området.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur ei sak til neste møte i høve ein eventuell forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegsektoren i tråd med forslaget frå Terje Kollbotn.»

Når ein no skal gjera ei ny bestilling ville det vore mest naturleg å velje det neste prosjektet i planen. På bakgrunn av vedtaket som vart gjort i forrige møte i kontrollutvalet bør ein vurdere om prosjekt nr. 8 Beredskap på vegnettet skal veljast i staden. I denne vurderinga vert det også tilrådd at det vert teke omsyn til om dette valet kan forsvarast i høve den føreståande samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Etter at utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærrare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på. I dette arbeidet kan utvalet dra veksel på omtale av dei neste 5 prosjekta, slik det kjem fram i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon punkt 2.1:

Prioritet	Prosjekt	Tema
3.	Utarbeidning, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel	System og rutinar.
4.	Vedtaksoppfølging	System og rutinar for å følgje opp politiske vedtak.

5.	Internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> • Melding og oppfølging av avvik på tvers av einingane • Gjennomgang av etterleving av kvalitetssystem og krav til internkontroll i enkeltvise eininger.
7.	Psykososialt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Førebygging • Kartlegging • Utforming av enkeltvedtak • Oppfølging
8.	Beredskap på vegngettet	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Øvingar • Samhandling

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensning av prosjekt.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 17.01.2018 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.